

## Sak 5. Val av nytt namn og logo for selskapet

Prosesen knytt til val av namn og logo:

### Protokoll frå styresak nr. 05/16

Styret ser på val av namn på selskapet som viktig, og støttar administrasjonen sitt forslag om å kjøpe tenester knytt til val av namn og utarbeiding av logo.

Styreleiar og nestleiar vil ta del i prosessen.

### Vedtak:

Styret ber Dagleg leiar presentere forslag til namn og logo i neste styremøte.

Målet er å fremme forslag for eigarane i ekstraordinær generalforsamling 31.05.2016.

### Prosesen etter styremøte 14.03.2016

Vi har nytta Nagelld i namne- og logoprosessen.

I vårt første møte deltok styreleiar og nestleiar saman med leiargruppa.

Etter en gjennomgang og vurdering av fleire namneforslag valde vi å gå vidare med forslaga Gløde og Prisme.

Nagelld fikk i oppdrag å presentere utkast til logo for disse to alternativa.

Vi vart samde om at namnet Gløde vert foreslått som bedrifta sitt namn og kan brukas sjølvstendig eller i kombinasjon med en avdeling.

Som eksempel kan GLØDE brukes i kombinasjon med kompetanse:

GLØDE

- Kompetanse

På vårt neste møte deltok leiargruppa.

Vi valde å gå vidare med Gløde. Nagelld blei beden om å utarbeide forslag til logo.

De ulike logoalternativa og forslag til logo på bil vart presentert på styremøtet.

Symbolikken i logoforslaget er ein person som i nokre utkast har "varmt hjerte". I andre utkast er både " hjerte og hovudet varmt".

Dei tillitsvalte har vurdert forslaga.

Dei var samde i namnevalet. Dei støtta samrøystes logoforslaget med varmt hjerte, utan markering av varmt hovud.

Styret behandla saka i møte 10.05.2016

### Sak 14/16 Forslag om namneendring og logo

### Vedtak:

Styret foreslår samrøystes overfor Generalforsamlinga at namnet vert endra til Gløde AS.

Styret foreslår og at ein vel utkast til logo i 3D med varmt hjerte, utan markering av varmt hovud.

Markeringa av det varme hjertet bør etter styret si vurdering vera raudfarge utan ekstra markering av glød.

Styret foreslår at ein brukar underteksten Arbeids- og Kompetansesenter når ein representerer heile bedrifta eller administrasjonen. I andre samanhengar kan namnet på avdelinga nyttas som undertekst, som til dømes Industriservice.

Forslag til domenenamn er «glode.no» på epost og «gløde.no» på nettstad.

**Framlegg til vedtak:**

Namnet på verksemda vert frå 01.06.2016 endra frå MAKS-NIS AS til Gløde AS.

Vedtektene vert endra i tråd med vedtaket.

Styret sit forslag til logo med undertekst er vedtatt.

Domenenamn er «glode.no» på epost og «gløde.no» på nettstad.

## Logoalternativer



## Fullmakt til å møte på Ekstraordinær generalforsamling for MAKS-NIS AS

Som eigar av .....aksjar i MAKS-NIS AS

Gir eg/vi ....., hermed.....

Fullmakt til å møte og stemme for meg/oss på ekstraordinær generalforsamling 31.05.2016.

Frekhaug, 14.05.2016

Signatur: .....

Namn med blokkbokstavar: .....

Dersom du/de ønsker det vil styrets leiar Nils Marton Aadland være villig til å representere deg/de som fullmektig. I så fall må han føres opp som fullmektig ovanfor.